



Varden VARDEN.NO/KULTUR

Kultur og folkeliv

TIPS OSS kultur@varden.no
eller folk@varden.no
TELEFON 35 54 32 36

– Me har gjort mange feil som var riktige, og mykje riktig som var feil

Eigarane av Ni Liv AS har gått i samtalerapi og reist seg att.

Kristin Tangen Tolo
kristin.tolo@varden.no

MIDT-TELEMARK

– Velkommen! Eg står her og rører i havregrauten.

Det er langt ut på formiddagen for folk flest, men for Jon Solberg, frontfigur i Ni Liv, er det nettopp blitt morgon.

– Eg sit ofte oppe om nettene og skriv, smiler boheringen.

Minst eitt liv att

Americana-bandet Ni Liv har runda 20 år, og feirar med jubileumskonserter på Telemarksfestivalen, som startar i Bø torsdag.

– 20 år er ikkje så verst. Me er stolte av alle 20. «Kor mange liv har du att nå?» er det nokon som spør meg av og til. «Minst eitt,» svarar eg. Minst eitt liv har me att.

Teksten over har Jon skrivt til coveret til jubileumsplata som kjem i oktober.

– Jon er bensinen i bandet. Han kjem alltid med nye songar og går aldri tom. Det er nok ei terapeutisk drivkraft for han, seier Eivind Aase, trommisen frå Flatdal.

Det var dei to kameratane som grunnla Midt-Telemark bandet i 2003.

– Eg såg Eivind på ein lokal jazzkveld i Bø, då han var bare 17 år. Han spela veldig bra, og hadde sjangeren, rockabilly, i ryggmargen, fortel Jon.

Etter det har dei holdt saman. Eivind blei med på den første ep-en til Jon Solberg Bygdabilly band, dei tok opp lån, spela inn plate og fekk platekontrakt med Warner. 20 år med konsertar, album, ep-ar og slagarar som «Det var den gong», «Merkeband» og «Kan eg få lov til å elske deg» er resultatet. Så langt.

Har krangla

Jon og Eivind har drive Ni Liv som eit AS sidan 2007. Dei byrja som ein trio, med Ken-Børre Langås på bass. Faste bandmedlemmer i dagens Ni Liv er



BANDNAMN: «Ni Liv» er resultatet av ein namnekonkurranse på Telemarksfestivalen. Dei fekk inn 120 forslag, og valde Ni Liv. Jan Baatsrud var søskenbarnet til Jons mormor.



STEIN PÅ STEIN: – Joffe og eg lagar skisser til korteis ein song kan bli. Så slenger me ut enkle demoar til resten av bandet, og så har me avstemming. Det minnar som regel ut i 10 songar av 25 forslag, fortel Jon, som syng og spelar gitar og fele i Ni Liv.

Jan Birger (Joffe) Akerhaugen på gitar og kor, Knut Olav Sandvik på bass og kor, og Terje Meisingset på tangentar.

– Me har gjort mange feil som var riktige, og mykje riktig som var feil. Me har krangla og, seier Jon.

– Kva har de krangla om?

– I 2018 måtte me endre på strukturar. Bandet måtte i samtalerapi. Eivind og eg har dratt mykje av lassettidlegare, men då det kom 5000 ungar oppi der, og han var sliten, blei det tungt å dra åleine, fortel han.

Med 5000 ungar meiner Jon Eivinds fem ungar, og «oppi der» er Flatdal.

– Joffe og eg skriv nå musiken saman. Han er ein fin fyr og ydmyk nok til at eg kan sleppe han inn i mi verd. Og der slepp ikkje ein gong kona inn. Ein feil kommentar kan jo øydeleggje alt, så eg held korta tett til brystet, smiler låtsmeden.

Panikk

Bandet er mykje på reise, men Eivind er ikkje alltid med. Han likar ikkje å fly.

– Den siste flyturen er var



TJUKT OG TYNT: Eivind Aase og Jon Solberg har holdt saman i 20 år.

med på var ein tur heim frå Kirkenes. Då fekk eg panikk. Flyet som skulle ta av frå Norregs kortaste rullebane var stappfullt av militærfolk, flyet var forsinka og det regna og blåste noko voldsomt.

Nå køyrer Eivind bil eller tog til konsertar, eller lar Christian Skangen steppe inn som vikar.

– Det skyldast også at eg ikkje kan vere så mykje borte frå familien som før. Fem ungar krev sitt.

Jon er åtte år eldre enn Eivind, har tre ungar, og er full av respekt for han med fem.

– Han var ikkje så høg i hatten då han ringte og fortalte at nummer fire var tvillingar, men ungene til Eivind og kona Sara er heilt supre, så dei må ha gjort mykje rett.

Stein på stein

– Me har bygd stein på stein, og jobba med ei steinrøys i 20 år, seier Eivind, når me pensler tilbake på Ni Livs historie.

Jon seier dei leikar mykje saman i ei sandkasse sjangermessig.

– Det er vanskeleg å sette oss i bås. Om bransjefolk vil ha oss

Lag en bursdagshilsen på vår nettside folk.varden.no både til nett og papir. Husk navn og fødselsdato på jublanten. Du kan også sende inn mms med kodeord VA Folk til 1963, pr post til: Varden, postboks 2873 Kjørbekk, 3702 Skien, eller levere i våre ekspedisjoner. Skriv kort. Varden forbeholder seg retten å redigere i teksten.

Oppgi navn, adresse og telefonnummer på avsender, og merk bildet ditt hvis du ønsker det i retur. Vi gjør oppmerksom på at tekst og bilder som publiseres i Varden på nett og papir lagres i vårt arkiv og i etterkant vil være søkbart. Innleveringsfrist er kl. 12 dagen før innrykk, ved lokal-kontorene to dager før innrykk. Hilsener som skal inn mandag må leveres innen kl. 12 fredag.

NAVNE DAG

Klara og Camilla har navnedag i dag.

► Klara og Clara er kvinnenavn med opprinnelse i latinske clarus, «høyløtt, klar, berømt». Den franske formen av navnet, Claire, er mest utbredt. Camilla er et kvinnenavn dannet av det romerske familienavnet Camillus, som er hevdet å bety «altertjener» på latin, men navnet kan også være av etruskisk opprinnelse, da med ukjent betydning.

Dagens OPPSKRIFT



Har du vært på fisketur og fått en sei eller to på kroken kan du lage en nydelig fiskeburger! Hvis ikke, er fiskeburgerne i butikken et godt alternativ. Server dem i godt hamburgerbrød med coleslaw.

FISKEBURGER MED COLESLAW

DETTE TRENGER DU:

4 porsjoner:	0,5 bunt vårløk
4 stk. fiskeburger eller	0,5 boks lettromme
8 fiskekaker	1 ss honning
4 stk. hamburgerbrød	0,5 potte frisk basilikum
Coleslaw:	0,5 pose pinjekjerner
0,5 stk. rød spisskål	a 70g
eller rødkål	0,5 ts salt
350 g gulrot	0,25 ts pepper

SLIK GJØR DU:

- Kutt kålhode, gulrot og vårløk i tynne strimler. Bland inn romme, honning, grovkuttet basilikum, pinjekjerner. Smak til med salt og pepper.
- Stek fiskeburgere på begge sider i en middels varm stekepanne med margarin til de er gjennomvarme, ca. 6-8 minutter. Legg fiskeburgere på burgerbrød og topp med coleslaw.

Fiskeburgerne kan også varmes i stekeovn eller på grill. Burgerbrødene er best om de blir varmet litt i en grillpanne, i ovnen eller i en brødrister. Kilde: matprat.no



20-40
MINUTTER

til å lage ei låt som er slik og slik, då blir eg ein sur, gamal gubbe.

For Jon er det viktigast at det er hald i tekstane.

– Eg er livredd for å lage ting som ikkje står seg. Songane må tåle livets tann.

– Er alle tekstane henta frå eget liv?

– Som Tarjei Vesaas sa, utan samanlikning for øvrig: «eg skriv om meg sjølv i store omskrivingar.» Eg må kjenne meg att i det eg skriv om. Men tekstane er ingen dokumentar om livet mitt, forsikrar han.

Nye mål

– Eg er rotete, døgnvill og håplaus å vere i hus med når eg går inn i skrivebobla. Men med åra har eg tatt vekk halve skylappen på venstresida. Den siste plata er ein hyllest til familien våre, fortel Jon.

20 år er lang tid. Det er mykje å feire når dei går på scenen på Telemarksfestivalen laurdag.

– Kva er suksessoppskrifta? – Det er viktig å sette seg nye mål. Nokon trur at ekteskapet er ein dans på roser, men det er beinhard jobbing. Slik er det

med bandet og. Det gjeld å ha stor takhøgdje, passe på å ta kvarandre med heile vegen og heller ikkje miste seg sjølv, seier Jon.

Eivind, som jobbar som snekker, har hengt opp eit skilt over inngangen til laftehallen heime. «Ta deg tid», står det der.

– Ofte er det slik med val i livet: Skal eg gå for den kjappe, billige løysinga eller den langsiktige, litt dyrare? Det er ofte lurast å gå for den langsiktige, seier Eivind, og kikkar lurt bort på Jon.